



Knut Stensletten er sentral i lekkasje-operasjonen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jakta på den ålvorlege vasslekkasjen på Korsnes har kome i gang no i morgentimane og vassverkleiar Hans Reidar Kjærland håpar at dei på slutten av dagen vil ha gjennomført jakta med suksess. Det vil bety at vassforbruket vil vera redusert kraftig. Truleg har omtrent halvparten av vatnet vorte borte undervegs på grunn av denne lekkasjen.

Lekkasjen har nok samanheng med dei omfattande gravearbeida som vart gjennomført då det nye reinseanlegget skulle anleggast og monterast. Det er eit omfattande inngrep som no skjer, ikkje minst fordi området er nysafaltert og det er mange og innfløkte leidningar der..

Arne Haugland tek seg av gravinga medan Knut Stensletten er røyreksperen. Også Kvinnherad Energi har folk på staden.

Det er viktig at lekkasjen blir stoppa. Hvis ikkje det hadde skjedd kunne det vorte ein kritisk situasjon for vassforsyninga til vinteren. Men det blir spanande å sjå kor stor den attverande lekkasjen vil vera. Det er også andre lekkasjestader.

Av Ola Matti Mathisen